

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 / 143	Doknr.: 172
Mottatt: 18 MAI 2006 <i>MP/SDD</i>	
Saksbeh.: MBB	Ark.: 713
Kop.:	Avskr.:

Landbruks- og matdepartementet

Postb. 8007 Dep.
0030 OSLO

Dykkar ref:
2006/143

Vår ref:
06/00322-4

Sakshandsamar:
Øyvind Johansen

Arkivkode:
V50 &13


Dato:
16.05.2006

Melding om vedtak

Særutskrift: Endringer i veterinærlova - høring

Syner til vedlagde særutskrift/vedtak.

Med helsing


Øyvind Johansen
fagkonsulent

Møtebok

Endringar i veterinærlova - høyring

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
015/06	Hovudutval for landbruk og teknikk	05.05.06

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for landbruk og teknikk

Dokument i saka:

Høyringsbrev dat. 15.02.06 frå Landbruks- og matdepartementet
Notat frå KS BTV v/regional arbeidsgruppe.

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev dat. 15.02.06 frå Landbruks- og matdepartementet
- 2 Notat frå KS BTV v/en regional arbeidsgruppe

Bakgrunn for saka

Forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell. Landbruks- og matdepartementet skriv i høyringsbrevet at det er behov for lovendringar i samband med planlagt etablering av kommunalt ansvar for å sørge for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell. Samstundes blir det kommunen som får ansvaret for klinisk veterinær vakt. Med klinisk veterinær vakt forstås tenesteyting frå sjølvstendig næringsdrivande veterinær til dyreeigar.

For å få dette til må det til ei lovendring, endringa går ut på å oppheve § 1 (formålsparagrafen) og § 26 om klinisk vakt i lov av 15. juni 2001 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell. I tillegg forslag på ein ny § 3 a om kommunane sitt ansvar. Høyringsfristen er 15. mai 2006.

Vurdering

Om lovforslaget:

§ 1 andre ledd, og § 26.

Oppheves.

Ny § 3a: Kommunane sitt ansvar.

Kommunane skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.

Gjeldande rett:

§ 1: *I formålsparagrafen andre ledd står det at staten har det overordna ansvaret for å sikre dyrehelseteneste over heile landet.*

§ 26: *Om klinisk vakt.*

Nytt:

Departementet sitt forslag om å oppheve § 1 andre ledd og § 26 og å fastsette ny § 3a innebærer at staten sitt ansvar blir overført til kommunane.

Lova fastsett både bestemmelsar om dyrehelsepersonellet yrkesutøving og bestemmelsar som angår tilgjengelighet av tenester frå slikt personell. Departementet er opptatt av at bestemmelsane som angår tilgjengelighet av tenester blir forvalta så nære brukarane som mogleg.

Det er staten som i dag har ansvar for å organisere og finansiere klinisk veterinær vakt på kveld, natt og i helger og høgtider (§ 26). Og det har vore både klinisk veterinær vakt og spesialvakt for kjæledyr. Dette skal heretter samordnast i ei klinisk vaktordning som kan ta hand om både dyr i landbruket samt hobby- og kjæledyr, det er denne ordninga som skal overførast til kommunane.

Ansvar for tiltak mot smittsame dyresjukdomar og oppfølging av dyrevernsaker følgjer anna lovverk (matloven og dyrevernloven), og det er fortsatt Mattilsynet som skal ivareta dette.

Korleis kommunen skal få til ei tilfredsstillande ordning er det opp til kommunen å fastsette. Vidare så er det kommunen som må vurdere kva som er ei god nok ordning på tenester frå dyrehelsepersonell, men det er ei klar forutsetning i høyringsbrevet at tenesta skal vere ei døgnkontinuerleg teneste. Departementet legg til grunn at kommunen sikrar ei slik teneste gjennom ei organisert vaktordning.

Departementet meiner at i delar av landet med god veterinærdekning, vil kommunen sitt ansvar kun vere relatert til tilgangen på tenester (vaktordning) utanom ordinær arbeidstid for veterinærane. Lovforslaget gjev rom for ulike tilnærmingar for kommunane. Det kan vere aktuelt med interkommunalt samarbeid om forholda ligg til rette for det.

Lovforslaget har ikkje klargjort kva ansvar kommunane skal ha og kva nivå og kvalitet tenesta skal ha. Det vil føre til ulik behandling frå kommune til kommune og dermed ulike vilkår for næringane som er avhengig av veterinærtenester.

Staten forpliktar seg ikkje til å dekke kommunane sine utgifter.

Det økonomiske grunnlaget for å sikre ei framtidig veterinærdekning i heile landet er ikkje klarlagt.

Det er ingen garanti for at overføringane frå staten vil dekke det kommunane ser som eit tilfredsstillande tilbod.

I høyringsbrevet kjem det ikkje fram noko konkret om kva som skal leggjast til grunn for at kommunane skal få overført statlege midlar.

Fyresdal kommune vil på denne bakgrunn gå imot forslaget til lovendring.

Konklusjon

Ansvar for tilfredsstillande tilgang på klinisk veterinærteneste bør framleis vere statleg. Fyresdal kommune går mot forslaget i høyringsbrevet dat. 15.02.06 frå Landbruks- og matdepartementet om endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om å overføre ansvaret for veterinærdekning og veterinær vakt frå staten til kommunane.

Erfaringar har vist at delegering av ansvar til kommunane ikkje vert dekt fullt ut økonomisk. Ein kan ikkje forvente at kommunane skal yte meir for å få tilgang til ei tilfredsstillande vaktordning av veterinærtenesta.

Innstilling frå rådmannen:

Ansvar for tilfredsstillande tilgang på klinisk veterinærteneste bør framleis vere statleg.

Fyresdal kommune går mot forslaget i høyringsbrevet dat. 15.02.06 frå Landbruks- og matdepartementet om endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om å overføre ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt frå staten til kommunane. Erfaringar har vist at delegering av ansvar til kommunane ikkje vert dekt fullt ut økonomisk. Ein kan ikkje forvente at kommunane skal yte meir for å få tilgang til ei tilfredsstillande vaktordning av veterinærtenesta.

Handsaming i Hovudutval for landbruk og teknikk - 05.05.2006:

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for landbruk og teknikk - 05.05.2006:

Ansvaret for tilfredsstillande tilgang på klinisk veterinærteneste bør framleis vere statleg. Fyresdal kommune går mot forslaget i høyringsbrevet dat. 15.02.06 frå Landbruks- og matdepartementet om endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om å overføre ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt frå staten til kommunane. Erfaringar har vist at delegering av ansvar til kommunane ikkje vert dekt fullt ut økonomisk. Ein kan ikkje forvente at kommunane skal yte meir for å få tilgang til ei tilfredsstillande vaktordning av veterinærtenesta.

Vigdis Mariedatter Gulbrandsen
Rådmann

Øyvind Johansen
fagkonsulent